



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 6ee6efd2-632f-48c0-b611-
8c1b42efa23c
Vår: 21/6269 - 21/53344

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

11.08.2021

Gbnr. 348/49 - Søknad om dispensasjon LNF - Skurtveit - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for Meland i samband med søknad om løyve til riving av løe og oppføring av ny bustad på gbnr. 348/49 Skurtveit. Underteikna var saman med Arild Sætre frå kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring i løa 11. august.

Løa er ei grindverksløe med fem grinder og med ein flor i ein lafta tømmerkasse. I samband med Sefrak-registreringa vart det opplyst at tømmerkassen skal vera frå eit bygg i det gamle klyngetunet. Storleiken og formen på tømmeret samt formen på novene tyder på at tømmerkassen er frå 1700-talet. Grindene er truleg frå byggjeår på slutten av 1800-talet. Løa står på tjukke og solide tørrmurar.

Bortsett frå taket i den eine delen og tømmerkassen er me ikkje er ikkje samde i at løa er i særleg dårleg stand samanlikna med mange andre løer frå same periode, Det er såleis eit bygg som nokså lett kan setjast i stand og takast vare på. Vår vurdering er likevel at kulturminneverdien ikkje er så høg at me vil rå i frå riving. Denne vurderinga byggjer på at det framleis er mange grindverksløer frå denne perioden i kommunen, at bruken av tørrmurar/vernemurar, som er typiske for byggjeskikken i vårt område, stort sett er avgrensa til grunnmuren, og at løa ikkje er ein del av eit kulturmiljø. Det er også eit moment i denne vurderinga at den lafta tømmerkassen, som kanskje er det mest spesielle med dette bygget, er i nokså dårleg stand.

Sjølv om ein berre i liten grad ivaretar kulturminneverdien i eksisterande bygg er me positive til at ein nyttar eksisterande murar og evt andre bygningsdelar i ein ny einebustad, og at eit evt nytt bygg får om lag same form og volum som eksisterande bygg,.

Det vart tatt ein del bilete under synfaringa, og saman med sefrak-registreringa meiner me at dette er tilstrekkeleg dokumentasjon av bygget (jf. kulturminnefagleg fråsegn frå Vestland fylkeskommune).

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG